



DEN NORSKE KYRKJA

## TV-aksjonen: Saman reddar vi liv



På søndag går TV-aksjonen av stabelen. I år samlar aksjonen inn pengar til Leger Uten Grenser for å gje medisinsk behandling til dei som treng det mest.

Akkurat no ventar millionar av menneske på legebehandling. For mange står det om livet, men tilgang til helsehjelp er inga sjølvfølge. I år går TV-aksjonen til å førebyggje og behandle sjukdommar som rammar menneske på tvers av landegrenser, uavhengig av etnisitet, religion, alder og kjønn.

[Trykk her for gå til blimed.no og melde deg som bøsseberar i TV-aksjonen.](#)

Mange kyrkjelydar har tradisjon for å be for TV-aksjonen på søndagen. Bispemøtet oppmodar kyrkjelydar til å vere med å be for aksjonen og arbeidet til Leger Uten Grenser. Du finn [bøn for TV-aksjonen her](#).

[Les meir](#)



## Samisk språkveke

Neste veke er det tid for Giellavahku – Gieleváhkoe – Giellavahkko. I den samiske språkveka er alle kyrkjelydar oppmoda til å vere med å synleggjere samisk språk. I ei gudsteneste kan ein til dømes synge ein samisk salme, seie inngangsord på samisk eller lyse velsigninga på eit av dei samiske språka. Sjå og lytt til ressursar på denne sida.


[Les meir](#)



## Ungdommens kyrkjemøte

I haustferien var Ungdommens kyrkjemøte (UKM) samla for å diskutere og gjere vedtak i saker som er viktige for unge og for heile Den norske kyrkja. På dagsorden stod saker om trusuoopplæring, universell utforming, mandat for ungdomsting og forandringsagentar.

[Les meir](#)



## Sorggruppe for ungdom

Vil din kyrkjelyd bidra til at Den norske kyrkja tilbyr fleire sorggrupper for unge? Kyrkjerådet lyser no ut stimuleringsmidlar til å starte sorggrupper for unge. Søknadsfristen er 1. desember.

[Les meir](#)



## Digitalt allmøte neste onsdag

Alle tilsette i Den norske kyrkja er invitert til digitalt allmøte neste onsdag kl 09.00. Allmøtet varar i ein halv time, vert tolka til teiknspråk og er tilgjengeleg i opptak.

[Les meir](#)

---

## Webinar og konferanser



### Trosopplæringskonferansen

19. oktober: [Les mer og meld deg på her](#)

### UKT-konferansen

20.-21. oktober: [Les mer og meld deg på her](#)

### Webinar: Salmens kontekster i samfunnet

20. oktober kl 09.00: [Les mer og meld deg på her](#)

### Forsoningsgudstjeneste og seminar ved bispemøtets avslutning

Fredag 21. oktober kl 10.00: [Les mer her](#)

### Webinar: Hvorfor evaluere hvordan konfirmantene har det?

27. oktober kl 09.00: [Les meir og meld deg på her](#)

### Webinar: Tilhørighet, frivillighet og kirker på nye måter

03. november kl 09.00: [Les meir og meld deg på her](#) (passord: 316)

Sjå full webinaroversikt og opptak av tidlegare webinar på [ressursbanken.no/webinar](https://ressursbanken.no/webinar)

---

## Fekk du med deg desse sakene?



### Krav om tilgjengelege nettsider

Kyrkja sine nettsider skal vere universelt utforma. Frå 1. februar 2023 er det krav om at alle nettstader skal ha ei erklæring om tilgjengelegheit. Fleire sokn og fellesråd har motteke brev i Altinn om å fylle ut eit slikt skjema. Kyrkerådet jobbar med rettleiing for utfylling av denne.

[Les meir her](#)



### Omsorg for døyande – rituale ved livets slutt

I ressursbanken.no ligg det materiell for å gjennomføre og promotere det kyrkjelege ritualet for ein som ligg for døden.

[Les meir her](#)



### Ber Stortinget sikre 1 % til bistand

Mellomkyrkjeleg råd ber Stortinget om å sikre 1 % til bistand. – Noreg er eit av dei best stilte landa i verda, og vi har eit etisk ansvar for å stille opp for kvarandre, skriv rådet i si uttale.

[Les meir her](#)

---

## Aktuelle høyringar

### Endring av regler for saksbehandling i liturgisaker

Høyringsfrist 20. oktober. [Les meir om høyringa her](#).

---

Nyheitsbrevet vert sendt til tilsette, frivillige, folkevalde og andre interesserte i Den norske kyrkja. Har du fått det videresendt kan du [melde deg på nyheitsbrevet i dette skjemaet](#).

Vil du melde deg av? [Trykk her](#)



**DEN NORSKE KYRKJA**

---

[krpostmottak@kyrkja.no](mailto:krpostmottak@kyrkja.no)